

## **Sundsbarmreguleringa – revisjon av konsesjonsvilkår. Morgedalsåi.**

### **1. Reguleringskonsesjonen (Kgl. Res. 5.7.1965)**

Pkt. 13. Avbøtande tiltak for bygdefolks interesser blir avgjort ved rettsleg skjønn.  
NVE kan pålegge SK å utføre og vedlikehalde tersklar samt reinske opp i elveløpet med  
meir.

### **2. Rettsbok 10. Overskjønn 1979 – seksjon X.**

Minstevassføring 100 l/s 1.5. – 31.10. og 50 l/s 1.11. – 30.4.  
Målestad Busterudhylen v/Skarstjønn, terskel nr 5 (Vassendterskelen?)

### **3. Skulberg, O. 1969. Vassdragsundersøkelser i forbindelse med Sundsbarmreguleringen. NIVA rapport O 127/65 og O 113/65.**

*"Forholdene på stasjon 10 nedstrøms Morgedalstjønni var meget lite tilfredsstillende. Husholdningsavfall og kloakkvannspartikler dannet slam mellom steinene og på elvebunnen. Også for Morgedalstjønnis vedkommende var det tydelig at kloakkvannspåvirkning gjorde seg gjeldende".*

### **4. Rettsbok Nedre Telemark Herredsrett, underskjønn 1975 (avsagt 15.4.1978).**

Viser til NIVA rapport når det gjeld påstand om auka eutrofiering.  
Fem tersklar (Breivatn, Libergløkjen, Solstrand ned for våningshus, Solstrand – Skarstjønn  
i elvesving og Skarstjønn/Busterudhylen (Vassendterskelen?).  
Vassendterskelen senka med 0,3 m etter pålegg frå NVE 5.10.1966.  
SK blir pålagt å gi tilskot til Morgedal reinseanlegg. *"Retten ser det ikke som nødvendig med ytterligere tiltak".*  
Erstatning for redusert fiske. Andre krav førte ikkje fram.

### **5. Overskjønn sesjon X 2.11.1976.**

Galdt krav Breivatn. Ikkje imøtekome.

### **6. NVE, referat frå synfaring i Morgedalsåi 21.5.2002.**

Sterk tilgroing og tilgrunning observert.  
Lekkasjar og dårlege fiskepassasjar i betongtersklane.  
SK tek ansvar for tiltaksplan og referansegruppe.

### **7. Rapport områdetiltak, Olav Kjetil Bang 20.5. 2004 (?).**

Prøvefiske utført.  
Diverse ryddings og mudringstiltak.

8. Lind, O. (2004?). Tilstandsrapport Morgedalsvassdraget. Vidar Tveiten AS.

Meir næringssalt og organisk stoff blir halde tilbake i vassdraget.

Den teoretiske opphaldstida for vatnet er fordobla.

Fosforinnhaldet stabilt, men nitrogeninnhaldet har auka med ca 20 % som følgje av meir organisk materiale.

Lagring av næringssstoff i sedimenta.

Restfeltet er naturleg rikare på næringssstoff enn det vatnet som er overført til Sundsbarm.

Svært god/god tilstand for øvste del av vassdraget (Moskeid), god/moderat tilstand i dei andre delane av vassdraget + tilløpsbekkar.

Forslag om økologisk landbruk, tilkopling til reinseanlegg mv.

9. J. Kristiansen (2005?). Tilstandsregistrering og tiltaksplan mot gjengroing.

Mindre vassføring fører meir sedimentering og mindre stress på høgare vassvegetasjon.

Tilførsel av næringssalt frå landbruket og busetnaden i Morgedal.

Eutrofieringsutvikling sidan 1950-talet (før regulering).

Fleire innspel/ønskje registrert (båtplassar, badeplassar, mudring, restaurering/endring av tersklar).

Tersklane er vurdert av Roland Heibl i Økogrønt, som tilrår ombygging til naturtersklar + fangdammar i Øverbøbekken, Håtveitbekken og Ruskedalsbekken.

10. Knut Nordskog, brev 2009 og 12.9.2012.

Kvífor blei måleteferskelen plassert ved Vassend?

Kvífor er terskelen senka med 30 cm. På kva grunnlag blei dette bestemt?

Reagerer på at påfyll frå uregulerte område kan reknast inn i minstevassføringa.

11. Knut Nordskog, fotodokumentasjon frå mudringstiltak i 2002.